



Å prøva å vitja alle dei godkjente hundre byane i Norge, kan for mange høyrast idiotisk ut.

Kanskje har dei som meiner det, rett.

Men likevel på mi reising rundt om i landet, har eg vore innom den som i statistikkane til Statistisk Sentralbyrå, ligg lågast når det gjeld folketal, sjølv om det er fleire noverande byar som har mindre enn 2000 innbyggjarar.

Det bur vel 1500 innbyggjarar i Kolvereid, som denne byen heiter.

Byen ligg i Nærøy kommune i Nord-Trøndelag, og var mellom dei over femti tettstadene som etter ei bylovforandring i 1996 nytta høvet til å kommunestyrevedta og få godkjent tettstaden som by.

Krava til riksstyresmaktene er no at ein kommune med over 5000 innbyggjarar og har ein tettstad, kan vedta og søkja om verta godkjent som by. Enkelte kommunar, mellom anna Stord, har søkt om å få heile kommunen som by. Såleis finn vi ei blanding av tettstader og heile kommunar på den 100-byarslista.

Kolvereid

Kolvereid har ei skikkeleg gate med ei rekkje forretningar og andre bygg på begge sider, og ein samlingsplass med utescene i eine enden. Elles er det eit skulesenter med mellom anna jordbruksskule. Kommunikasjonsmessig er Kolvereid eit knutepunkt i Ytre Namdalen; og på mange måtar i konkurranse med den større tettstaden Rørvik i nabokommunen Vikna.

I samtale med ordførar Steinar Aspli, bonde frå Senterpartiet, og fungerande rådmann Hallgeir Leirvik vert det sagt at dei nok har hatt nytte av å verta by, men dette er ikkje utnytta så godt som mogeleg.

Ordføraren var sjølv i kommunestyret då det gjekk inn for at Kolvereid skulle verta by. At Kolvereid er minste byen i landet utnyttar handelsnæringa med å fortelja dette i banner som heng i hovudgata. Her vert det nytta i reklamen for byen. Det same går igjen i omtalen av Kolvereid i brosjyrar og reisebøker.

Aspli og Leirvik tok seg god tid å fortelja om kommunen og snakka med ein kvinnhering. Interessant å høyra dei

fortelja om utfordringar denne 5000-innbyggjarars kommunen løyste nokre av oppgåvene sine.

5000 innbyggjarar

Folketalet i Kolvareid har auka litt dei siste åra, men kommunen har no under 5000 innbyggjarar. Ein del er tilsett i oppdrettsnæringa, der den mest kjente oppdretteren er fiskeri- og kystminister Lisbeth Berg-Hansen og hennar verksemd i kommunen.

Over 150 er tilsette i bedrifta hennar, Sinkaberg-Hansen, som har sitt hovudsete i nabokommunen Bindal i Nordland, der fiskeriministeren kjem frå. Nærøy er største fiskeri- og oppdrettskommune i Nord-Trøndelag. Ein fordel i denne delen av landet er at det er meir ope hav/fjord-område enn til dømes her.

Jordbruk

Moen Slip er eit skipsverft med mange tilsette og har ei stor tørrdokk med storleik slik at det er plass til hurtigruteskipa. Vidare er kommunen ein jordbrukskommune, der ordføraren er ein av bøndene. Mykje av jordbruksdrifta er storfehold.

Nemnast er det at mange er tilsett i servicenæringane og innan det offentlege med helse- og skuletilsette.

Storinvestering

Kommunen har eit budsjett på over 300 millionar kroner. På planleggingsstadiet er no å byggja ein nye ungdomsskule med symjehall til 145 millionar kroner; eit stort løft, seier ordføraren.

"Ytringen" med hovudkontor i Kolvareid har Nærøy, Vikna og Leka som dekningsområde, er lokalavisa saman med "Namdalsavisa".

Sjølv møtte eg fungerande rådmann i rådhuset og den ferierande ordføraren i den store Kolvareid kirke. Det er ei kyrkje med plass til knappe 400 personar. I kyrkja vart vi spandert på kaffi og kjeks av ein kyrkjelydsarbeidar.

Å koma til Namdalen

Å koma til Kolvareid og Ytre Namdalen kan ein gjera med å ta Hurtigruten som stoppar i Rørvik, og så kan ein køyra ein halvtimes tid til Kolvareid. Alternativet kan vera å ta hurtigbåt frå Namsos, og då også vitja Olav Duuns Jøa på veg mot Rørvik. Vidare kan ein køyra om Grong og så vestover, mellom anna innom revybygda Høylandet. Bilturane går om Steinkjer.

Det er mykje interessant å ta med seg frå Ytre Namdalen – både i Kolvareid, Rørvik med den nye museumet Nordveg og Leka med staden der "ørnerovet" skjedde. Kanskje er dette utanfor allfarveg, kanskje ikkje, det spørst korleis ein ser på det!

Torfinn Myklebust på Namdalstur.